

# STRATEGIAR I MØTE MED EIT EKSKLUDERANDE SAMFUNN INNSIKTER FRÅ HANNAH ARENDT

Mennesket som vert ekskludert frå samfunnet lyt ofte ta eit val om korleis dei skal te seg i forhold til dette. Ein kan akseptere det og gå i opposisjon. Ei anna tilnærming er å akseptere det og leggje frå seg alle særtrekk for å kunne la seg assimillere. I denne teksten går eg gjennom Arendts omgrepsspar, *paria* og *parveny* og nyttar dei for å gje eit arendtsk perspektiv på norsk integreringsdebatt.

Av Axel Fjeld

Korleis bør ein møte eit ekskluderande samfunn? Dette spørsmålet illustrerer eit tema som diverre er tidlaust. Alltid i historia har det eksistert grupper som har vore ekskluderte og undertrykte av fleirtalet i samfunnet. Kva er den riktige strategien for dei som utgjer utanforståande minoritetar i eit samfunn? Korleis kan dei endre sin utsette posisjon? I Hannah Arendts tekstar om *pariaen* og *parvenyen* utforskar ho ulike tilnærmingar til det å vere ekskludert. Vi skal fyrst sjå på det ho skriv om ulike posisjonar menneske kan innta for å forhalde seg til den ekskluderinga eller undertrykkinga som dei vert gjenstand for. Vi ser fyrst på «The Jew as Pariah: A Hidden Tradition» frå 1944 og hentar innsikter frå mellom anna Tuija Parvikkos *The Responsibility of the Pariah*, der vi vil sjå nærare på desse posisjonane, og gjennom dette freiste å teikne eit bilete av pariaens motstykke, parvenyen. Til slutt skal vi sjå på kva aktørar i det norske samfunnet krev av dagens pariaar.

## Offerlammet

I teksten «The Jew As Pariah» går Arendt gjennom fire ulike pariaposisjonar, representert ved fire ulike kunstnarar. Desse typane er Heinrich Heine sin *Schlemihl*, Bernard Lazare sin *medvitne paria*, Charlie Chaplins *mis-*

*tenkte*, og Franz Kafkas *godviljas mann*. Den fyrste er altså Schlemihlen. Schlemihl er eit omgrep frå jiddisk som for jiddisktalande har ein sjølvforklarande karakter (Parvikko 1996:90). Difor gjev ikkje Arendt nokon klar definisjon av dette ordet. Parvikko freistar å klargjere dette ved å syne til ei ordboksdefinisjon, der Schlemihl definerast fyrst som ein litt enkel person som vert straffa for andres udådar fordi vedkommande er dum (Parvikko 1996:90). Samstundes er Schlemihl også ein slu og upåliteleg person som skapar intrigar bak ryggen til skikkelege folk. Slektskapet til den antisemittiske tropa om korleis jødar bringa med seg verdas vondskap er openbert, men det er ikkje slik Schlemihlen trer fram hjå Arendt. Arendt relaterer det ifølgje Parvikko til skriftene til Heine (Parvikko 1996:91). Heine var opp-tatt av å hente fram likskapen mellom pariaen og poeten, begge figurar som både er med i samfunnet og samstundes utanfor. Arendt ser ut til å nytte Schlemihl-termen for å referere til vanlege getto-jødar som korkje kunne eller ville forlate gettoen, men under denne termen kan ein sjå at det vert referert til tre ulike typar Schlemihlar (Parvikko 1996:91). Det er fyrst dei Schlemihlane som utelukkande fokuserer på jødiske ritual og den daglege overlevinga, lukkeleg uvitande om pariaposisjonen dei lever i. Deretter kjem dei Schlemihlane som aktivt freistar å kome ut av



*Portrett av Victoria H. Hamre*

paria-posisjonen ved å assimilere seg i det øvrige samfunnet. Til slutt kjem eit frampeik til den medvitne pariaen, nemleg ein Schlemihl som ikkje søker å assimilere seg, men snarare innser at jødane bør godtakast som jødar og inkluderast i samfunnet. Heine, ein romantisk poet fødd inn i ein assimilert tysk familie på slutten av 1700-talet, er den viktigaste visjonære Schlemihlen for Arendt (Parvikko 1996:92). I konteksten til Rahel Varnhagen, ei kvinne frå 1700- og 1800-talet som vi skal kome attende til seinare, og som Arendt hadde som bakgrunn då ho byrja bruke Schlemihl-termen, har Schlemihl fire aspekt (Parvikko 1996:95-96):

- 1) Det at ein er *ingen*, ein vert ekskludert frå samfunnet på bakgrunn av manglande status.
- 2) Uvitskap, manglande utdanning.
- 3) Fattigdom, i den forstand at alt handlar om å overleve, og at det å oppnå høgare status i samfunnet er noko ein er ute av stand til å strebe etter.
- 4) Venleik, som for kvinnelege Schlemihl vert eit tveigga sverd, i den forstand at ein vert vurdert utifrå kor vakker ein er eller ikkje er.

Eit anna moment i forståinga av Schlemihl er det at dette ordet på hebraisk tyder «offerlam» (Parvikko 1996:97). Dette gjev fleire konnotasjonar til omgrepet. Schlemihl-figuren kjem ifølgje Arendt av ein bibelsk karakter kalla Schlemihl ben Zurishaddai, som skal ha vorte drepen i eit uhell medan han sto ved sida av sin bror då denne vart halshogd av ein prest. Schlemihlen, offerlammet, vert drepen for noko ein annan har gjort, og er dermed ein syndebukk. Ikkje berre det, men det heile er fånytt, sidan også bror til ben Zurishaddai vart drepen. Schlemihlen er i kraft av si tilstand ute av stand til å gjere noko eksepsjonelt heroisk eller vondt, noko som for Heine og Arendt gjev denne figuren eit aspekt av uskuld (Parvikko 1996:98). Figuren er prega av ein folkeleg uskuld, som deler gleder og sorgar med folket i gatene. Det er ein figur som drøymar seg bort. Schlemihlen er draumefyrsten, poeten. For Schlemihlen er det tydeleg at alle er skapt like, utifrå det faktum at sola skin likt på alle (Arendt 1944:103). Difor er det menneskelege hierarkiet vi finn i samfunna våre noko som framstår som latterleg, og som han ikkje vil ha noko del av. Schlemihlen er ein karakter som stiller seg på sida av samfunnet og ler av dei som lever i desse hierarkia, dei som eigentleg er tåpane. Spesielt gjeld dette *parvenyen*, som fødd i ein pariaosisjon vel å gå inn i dette hierarkiet og freistar å klatre på rangstigen. Dei privilegia og godane ein kan få langs denne rangstigen er berre for

jagl å rekne samanlikna med sola. Schlemihlen, syndebukken, draumefyrsten, er «*aloof*», som vi kan omsette til det å være distansert (Arendt 1944:104). Ein kan jamvel seie at dette har sitt moderne uttrykk i det ein kallar ironisk distanse, ein haldning der ein kan ironisere over alt og stille seg på sida av det. Ein snakkar andre etter munnen med eit lurt smil og heva augebryn. For Heine er dette essensen av fridom (Arendt 1944:104). Den ironiske distansen som pariaen nytter seg av er noko som frigjer hen på eit grunnleggande plan, då hen kan distansere seg frå all motgang og alle overgrep: «A man is born free, and can only lose his freedom by selling himself into bondage» (Arendt 1944:104). Arendt skriv på same side at denne måten å tenke om fridom på forvandler både slavar og tyrannar til komiske figurar for Schlemihlen, i motsetning til korleis dei ser på seg sjølve som opphøgde. Utifrå Arendt lyt vi forstå Schlemihlen som ein figur som høyrer til ei undertrykka og utstøytt gruppe, og som svarar på dette med å vere ironisk distansert og lattermild overfor det samfunnet som hen har vorte støytt ut frå, og alle som freistar å kome seg inn igjen. Eit problem med denne tilnærminga er at ein vert fjern og uinteressert i dei reelle problema som føreligg (Arendt 1944:105). Det er ikkje alle problem som ein kan le bort, påpeikar Arendt. Parvikko oppsummerer Arendts tolking av Heines Schlemihl på følgjande vis: I kjernen ligg Schlemihlens uskuld (Parvikko 1996:99). Denne gjev visse uheldige utslag. Schlemihlen kan i beste fall leve eit liv i middelmådighet, men som oftast vert hen ein latterleggjort og forakta person (Parvikko 1996:99). Schlemihlen vert også kjenneteikna som ein syndebukk, eller som ein bærer av all verdas vondskap. Samstundes kan Schlemihlen ta ein distansert posisjon til samfunnet elles, der ein kan vurdere samfunnets struktur, noko som kan føre til at posisjonane på eit vis vert reverserte (Parvikko 1996:99). Då er det Schlemihlen som kan latterleggjere samfunnet og dei som strevar i det. Denne posisjonen har også sine problem, då ein fort kan verte fjern og i overkant distansert frå den reelle undertrykkinga som finn stad. Latter er ikkje noko effektivt våpen, og Schlemihlen står utanfor verda og angrip den utan våpen som kan gjere nokon skade (Parvikko 1996:100). Dette er noko som Arendt opplever som sentralt i jødisk mentalitet (Parvikko 1996:100). Heine vart gjennom sin kreativitet redda frå dette ved at han nytta kunsten som basis for ein medviten pariatilstand. Arendt meiner at Heine påpeikte slektskapet mellom pariaen og poeten og brukte dette som eit bilete på jødanes posisjon i Europa. Heine gjorde litterær lukke med den distanserte tilnærminga, men prisen er at ein fjernar seg frå sine egne og realiteten dei lever i. Den

distanserte Schlemihlen vert difor for usolidarisk. Dette biletet meiner ho at Bernard Lazare, ein sosialistisk skribent i det seine 1800-talets Paris, tok med seg og gjorde om til eit politisk bodskap (Arendt 1944:107).

### Rebellen

Figuren vi møter gjennom Lazare er den medvitne pariaen. Eit sentralt argument han set fram er at ein kvar paria har ei plikt til å gjere opprør mot undertrykkinga ein opplever, framfor å akseptere det eller freiste å innynde seg hjå dei som utgjer den herskande majoriteten. Slik Arendt ser det, gjekk Lazare i djupna på dei politiske implikasjonane som Heine hadde rørt ved (Arendt 1944:107). Det jødiske folket vert heldt nede av falske vener som heldt vakt på utsida, og av Dårskap og Frykt på innsida av porten (Arendt 1944:108). Den grunnleggande årsaka til dette var assimilasjonen, det at jødar strevde for å verte ein del av den ikkje-jødiske majoriteten som hadde makta i samfunnet og som stengde jødane ute. I denne prosessen ville desse parvenyanne halde nede sine frendar for sjølv å stå fram som positive unntak, slik at dei kunne få eit grann av innpass i det gode selskap. Det syna seg for Lazare som naudsynt å få dei jødiske pariaane til å kjempe mot parvenyanne som held dei nede. Det er vanlege jødar som lid under parvenyanens dominans, og det er dei som før eller seinare lyt betale prisen for å oppretthalde heile systemet. Dette utgjorde eit dobbelt slaveri, der ein fyrst er underlagt den vilkårlege makta til den herskande majoriteten, og deretter vert dominerte av sine privilegerte brør som står opp under herskaranes makt. Lazare var ifølgje Arendt den fyrste til å tenke på denne måten, der dei jødiske parvenyanne vert medskuldige i undertrykkinga av sine frendar i kraft av at dei assimilerer seg i staden for å gjere opprør, samt at deira opphøgde posisjon er basert på at massane vert heldt nede (Arendt 1944:108). Som Arendt skriv, hadde Lazare erfart at når fienden vil ha kontroll over ei gruppe, rekrutterer dei lakeiar frå denne gruppa og gjev dei ekstra fordelar (Arendt 1944:108-109). Den medvitne pariaen har innsett at ein aldri vil kunne kome inn i fellesskapet, og skapar seg ein identitet som rebell på utsida av samfunnet, stolt av sin opphavslege identitet og snarare motivert for kamp mot undertrykking, enn for innordning under og aksept for samfunnets avvisning av den folkegruppa ein høyrer til.

Lazare visste at så snart pariaen uttalar seg politisk vert han ein rebell. Ein måte vi kan seie det på er at ein paria skal på sett og vis helst ikkje sjåast, men i alle fall ikkje høyrast, så om ein paria hevar stemma som paria og ikkje parveny, er det automatisk ein opprørsk handling. Lazare såg på det som kvart menneskes plikt å gjere opprør mot

undertrykking og ekskludering. Pariaen burde forlate den illusjonsfylte Schlemihl-posisjonen og kjenne på ansvaret ein kvar har for status quo. For Lazare var ein kvar paria som nekta å gjere oppgjer politisk ansvarleg for si eiga situasjon, og dermed for den situasjonen som folket stadig var i. Arendt hevdar at årsaka til at Lazare sine draumar om opprør og frigjering falt i grus ikkje var parvenyanne eller den herskande klassen, men heller at den jamne jødiske paria ikkje ville gjere opprør. Pariaen nekta å verte rebell, nekta å verte ein medvitne paria. I staden møtte Lazare dei som valde å halde fram med å vere Schlemihl eller *schnorrer*, ein som lever på smular frå dei rikes bord. Slike typar er del av mekanismane som støttar opp den sosiale ordenen som ekskluderer dei (Arendt 1944:110). For Arendt var det denne opprørske posisjonen som gav mest meining. I likskap med Lazare meinte ho at mennesket har ei plikt til å forsvare seg, då dette var noko mor hennar hadde lært ho då ho var skuleborn og hadde sine fyrste møter med antisemittisme i klasserommet (Parvikko 1996:65). Å ta omsyn til det heile med ironisk distanse slik Schlemihlen gjorde, var utenkeleg for Arendt. Ho var også kritisk til dei jødane som freista å assimilere seg i samfunnet. Dei gjorde eit sentralt feiltrinn ved å tru at dei jødiske var eit personleg, individuelt trekk som dei kunne takle ved gjennom personlege strategiar, som ved å assimilere seg til samfunnet, eller ved å trekke seg heilt attende frå samfunnet. Mellom Schlemihlen og den medvitne pariaen var det altså heilt klart den medvitne pariaen som var den posisjonen som sto Arendt nærast. Vi skal no sjå på dei to andre posisjonane, som Arendt finn hjå Chaplin og Kafka.

### Landstrykaren og godviljas mann

Den mistenke vi møter hjå Charlie Chaplin sin figur er den klassiske landstrykaren vi kjenner frå filmane hans. Landstrykaren er ein Schlemihl i den forstand at han har eit element av uskuld på sida av samfunnet, men det er ein annan type Schlemihl enn den vi såg hjå Heines draumefyrste. Chaplins mistenkte drøymmer seg ikkje bort i fantasiar, men lever heller i vår verd, hard og brutal (Arendt 1944:111). Figuren hjå Chaplin er ein som i samfunnets auge alltid er suspekt, vert alltid mistenkt (Arendt 1944:111). Det nyttar ikkje å diskutere rett og galt, samfunnet har bestemt seg for kven som er den skuldige. Den mistenkte, som ikkje er noko dydsmønster, vert alltid dømd strengare enn udåden tilseier. Samstundes gjer det at han står på utsida av samfunnet, og dermed er uhemma av konvensjonar og normer, at han slepp unna (Arendt 1944:112). Her finst både frykt for lovas makt og frekk

dumdristigheit i møte med lovas handlangarar. Den mistenktes frekkheit er den same som vi fant hjå Schlemihlen, – ikkje like distansert og likegyldig, men snarare bunde til jorda og knytt til bekymringar og erfaringar som ein gjer seg i verda (Arendt 1944:112). Den mistenkte forstår ikkje verda, og forventar inga rettferd. Den mistenkte er for Arendt eit bilete på jødisk pariamentalitet. Den siste pariaosisjonen Arendt tar opp finn ho hjå Franz Kafka. Her møter vi på ei form for undertrykking der samfunnet består av «ingen»: «Society, we are told, is composed of 'nobodies' – I did wrong to nobody, nobody did wrong to me; but nobody will help me, nothing but nobodies – and has therefore no real existence» (Arendt 1944:113). Samstundes lèt samfunnet som at det er «nokon» medan pariaen framleis er «ingen» – konflikten handlar om i kva grad hen har eksistens i det heile, og det verste samfunnet kan gjere mot eit individ er å få hen til å tvile på om hen i det heile tatt eksisterer, å redusere hen i sine eigne auge til ein status som ikkje-eksisterande. Dette resulterte i to måtar pariaen kunne rømme frå situasjonen. Den eine var ved å søke saman i eit samfunn av pariafolk, avskilt frå storsamfunnet. Den andre var ved å vie seg til det vakre som ein Schlemihl, anten i naturen eller i kunsten, to arenaer der politiske åtak ikkje ville finne sted, og der pariaen trakk seg inn i det vakres verden for å kunne leve trygt der. Kafka avviser desse arenaene som samfunnsprodukt og difor forgjengelege (Arendt 1944:115). I staden for å flykte inn i draumar lyt ein bruke tanken som våpen. Berre dei fenomena som ikkje vert svekka, men snarare forsterka av tanken, er verkelege. Kafkas paria er kjenneteikna av denne bruken av tanken til å berge seg sjølv. I romanen *Slottet* møter vi Kafkas paria, ein «godviljas mann», som Erichsen omset det til (Erichsen, 2011).<sup>1</sup> Kafkas paria er ein mellomgåande mellom dei herskande i slottet og dei som lever i landsbyen nedanfor. Han er ikkje av slottet, han er ikkje av landsbyen, han er ingenting i det heile (Arendt 1944:115). Han er ute etter å verte umerkeleg, etter å assimilere seg i samfunnet. Dette aksepterer ikkje samfunnet, noko som vert tydeleg i eit brev han får frå slottet, der han får beskjed om å bestemme seg om han vil vere ein landsbyarbeidar med ein overflatisk tilknytning til slottet, eller ein påstått landsbyarbeidar som i røynda arbeider for dei mektige. Arendt meiner at dette er den beste illustrasjonen på kva for spørsmål som plagar parvenyen, den som ynskjer å assimilere seg i samfunnet. Dilemmaet er om ein vil tilsynelatande høyre til folket, medan ein i røynda er eit verktoy for herskarane, eller om ein vil seie frå seg herskaranes gunst og heller leve som ein verkeleg del av folket på godt og vondt. Arendt skriv at medan mange jodar har valt

å høyre til herskarane, vel Kafka å skrive om ein som vel den andre måten (Arendt 1944:116). Kafkas protagonist vel å høyre til folket – han vel «the way of goodwill». Han skriv om den vanlege jøden, som korkje vil vere medviten paria eller smigrande parveny, men som berre vil ha sine menneskerettigheitar og leve i samfunnet som ein vanleg person. For at jøden skal kunne verte ein del av samfunnet lyt hen assimilere seg i det – og dette tyder å måtte ta avskjed med alt hen har vore og alle hen kjenner (Arendt 1944:116). Å assimilere seg, å verte ubemerkeleg, kan vi seie er å viske ut alle særtrekk ved seg sjølv, kvitte seg med alt som skil ein frå dei andre i samfunnet. Kafkas helt gjer det verda vil at jødane skal gjere. Likevel vert aldri desse særtrekka heilt borte, og han vert aldri akseptert av samfunnet. Godviljas mann ynskjer seg berre ein heim, ikkje som ei teneste frå slottet, men som hans menneskerett (Arendt 1944:116). Det er ikkje av di at han er framand at dei andre i landsbyen ikkje stoler på han, men fordi han ikkje tek i mot tenester. Ein som ikkje høyrer til, kan ikkje ha nokon heim. Det heile vert ein konflikt som aldri vert løyst, der medborgarane betraktar han med «respektfull fiendskap», og slottets byråkrati aldri klarer å gje han tittel som borgar, og han dør utmatta (Arendt 1944:117). For å samanfatte, har vi i Arendts tekst sett ulike tilnærmingar til det å inneha ein pariaosisjon. Schlemihlen innser at hen er undertrykka, men ler av det heile, og drøymmer seg bort og ser på verda med lattermild likegyldigheit og ironisk distanse. Den medvitne pariaen møter undertrykkinga og ekskluderinga med politisk motstand og kamp. Den mistenkte vert utsett for forfølging og forskjellsbehandling, forstår ikkje verda og ventar inga rettferd, men er klar for å gjere det som trengs for å overleve. Godviljas mann ynskjer berre å finne ein heim, og gjer sitt beste for å assimilere seg i samfunnet. Desse ulike pariatypane syner oss eit utval av strategiar for å takle posisjonen som undertrykka og ekskludert. Vi skal no sjå nærare på ein heilt anna måte å takle dette på, nemleg den strategien vi finn hjå parvenyen.

### Parvenyomgrepet

«Parveny» vert av *Store norske leksikon* definert som «oppkomling». «Oppkomling» vert gjerne forstått som til dømes ein nyrik person utan danning eller såkalla klasse. Oppkomlingen er her ein som i kraft av nyvunnen rikdom dukkar opp i dei rikes kretsar og oppfører seg på ein uraffinert måte, fordi hen ikkje kan dei sosiale kodane og ikkje bryr seg om dei same tinga som dei andre gjer. Slik er vi vand med å tenke om oppkomlingen. Arendt si forståing av dette er ein litt annan. Måten Arendt forstår



parvenyomgrepet kjem etter kvart til syne i arbeidet med dei ulike pariposisjonane vi har sett på. Schlemihlen ler av parvenyen som ein stakkarsleg strebar som gjer alt for å verte likt av dei herskande. Den medvitne pariaen avskyr parvenyen og ser hen som ein del av det undertrykkande byggverket. For den mistenkte er parvenyen ukjend, sidan den mistenkte veit for lite om verda til å forstå den, og parvenyen er berre ein del av ei blodig urettvis verd. Godviljas mann kjenner på nokre av dei same problema når han freistar å assimilere seg i samfunnet som ekskluderer han. For Arendt er parvenyen kjenneteikna av det ein kan kalle ein ekstrem tilpassing samt ein mangel på solidaritet. Parvenyen gjer alt hen kan for å verte ein del av det samfunnet som ekskluderer hen. I den prosessen søker ein å kvitte seg med alle særpreg som stammer frå den ekskluderte gruppa ein har høyrd til, samt at ein tileignar seg eigenskapar som er verdsette i samfunnet. Ein av desse eigenskapane er nettopp ekskluderinga og undertrykkinga av den gruppa parvenyen kjem frå. Som ein konsekvens av at parvenyen snakkar samfunnstoppene etter munnen, kastar hen all solidaritet med sine frendar over bord, og freistar å tene poeng ved å nytte sin fortid blant pariaane og den etos det gjev vedkommande til å snakke dei ned.<sup>2</sup>

Unntaksjøden Rahel Varnhagen er ein viktig skikkelse for Arendt. Varnhagen var ei jødisk kvinne som levde på slutten av 1700-talet og byrjinga av 1800-talet. Ho kom frå ein privilegert jødisk heim, men som andre jødar kjende ho på ulikskapen og undertrykkinga som var deira lodd i livet (Parvikko 1996:93).<sup>3</sup> Rahel Levin, som ho opphavleg heit, var korkje rik eller vakker, men ho gifta seg med ambassadør Varnhagen og fekk dermed tilgang til eit betre liv. I ein relativt kort periode i åra før den tyske frigjeringa av jødane i 1808, fann Varnhagen ein veg til aksept blant ikkje-jødiske tyskarar, då ho dreiv ein av fleire salongar i Berlin. I desse salongane rådde opplysningstidas ideal, i ei tid der føydalismen og adelskapet var på veg ned og den borgarlege overklassen enno ikkje hadde kome i posisjon. Her kunne jødar og ikkje-jødar møtes på tvers av skiljeliner, sosialisere og utveksle idear. Etter frigjeringa av jødane i åra 1806-1808 tok denne gode tida slutt. Jødar hadde ikkje lenger moglegheit til å verte sett på som eksepsjonelle unntak frå massane, sidan alle jødar no vart likestilte med samfunnet elles. Den politiske frigjeringa av jødane medførte sosial einsamheit. Varnhagen måtte som andre jødar finne andre måtar å oppnå aksept på. Ho endra namn, konverterte til kristendommen, og gifta seg med ein ikkje-jøde. Etter år med strev for å kome innafør, innsåg Rahel at ho hadde betalt ei høg pris for å verte akseptert. Berre ved å verte ein *unntaksjøde* kunne ho verte akseptert. Men

denne utskotets fridom vart til slutt ikkje anna enn å eksistere som eit «ingenting», korkje jøde eller ikkje-jøde, korkje inkludert i samfunnet eller vist til utsida. Mot slutten av livet gav ho uttrykk for at ho angra på forsøka på å fjerne seg frå det å vere jødisk, og ho vart igjen stolt over å vere jøde, noko ho ikkje hadde vore sidan ho dreiv salong. For Arendt gjekk Rahel Varnhagen frå å vere paria til parveny, og attende til ein slags medviten paria mot slutten av livet. Posisjonen som medviten paria var ikkje tilgjengeleg på Varnhagens tid, i den forstand at dette ikkje var noko ein tenkte på i hennar kretsar (Erichsen 2011:60).

Eit omgrep vi lyt sjå litt på er «unntaksjøde». Arendt påpeiker ifølgje Parvikko i arbeidet med boka om Varnhagen at sjølv i dei mest hardbarka antisemittane hadde sine «unntaksjødar», altså jødar som var spesielle, som var betre enn sine frendar. Parvikko skriv:

Arendt points out that a curious hierarchical system of exceptions developed. Even the most anti-Semitic Gentiles had their Exception Jews who, in their minds, did not represent the average Jew or the Jew in general. These exception Jews, who belonged to the wealthy ranks of the Jewish community, in their turn considered themselves as exceptions from the miserable and culturally backward masses of the ghettos. Many of them went as far as openly despising their co-religionists. (Parvikko 1996:105)

Sjølv dei verste antisemittane hadde altså sine utvalde jødar som dei såg på som betre enn dei andre. Det finnest alltid nokon av dei undertrykka som vert behandla betre enn andre. Dette kan sjåast i lys av Lazare sin innsikt, der den som ynskjer kontroll over ei folkegruppe vel ut sine lakeiar og tenarar som får ekstra privilegium. Korleis skal vi forstå Arendts bruk av parvenyomgrepet utifrå dette? Ein måte å gripe det er å sjå parvenyen som ein paria som freistar å forlate sin status som paria, som freistar å kome inn i del fellesskapa som held hen utanfor. Det sosiale stigmaet, den uvilja som vedkommande møter i samfunnet, er noko som plagar hen til den grad at ein vil gjere kva som helst for å få innpass i dei eksklusive fellesskapa. Godkjenning frå dei som sit med makta er ettertrakta, både fordi det er ei mogleg garanti mot vald, men også fordi dei med makt sit inne med eit hegemoni. Dei sterkes meiningar har stor verdi. Dei herskandes tankar er som kjent dei herskande tankar, for å seie det med Marx. Difor strever parvenyen mot å få innpass hjå dei sterke, jamvel hjå dei mest hatefulle. Dette slår meg som ein naturleg



*Illustrasjon av Katrine Lund*

funksjon hjå mennesket. Når du er i ein underdanig posisjon, og nokon er sinte på deg, er det naturleg å freiste å blidgjere dei, å innynde seg hjå dei som utgjer ein trussel. Eit trekk ved parvenyen er fokuset på individet. Ein er fyrst og fremst interessert i å sikre sin eigen posisjon på kostnad av andre. Den mest sentrale distinksjonen mellom paria og parveny, som Arendt nyttar i dei to siste kapitla i boka om Rahel Varnhagen, er den at det å vere paria ikkje er noko som gjeld berre for enkeltindividet eller jødar som gruppe (Parvikko 1996:106). Det gjeld for alle utstøytte og ekskluderte grupper. På same måte er det å vere parveny noko som alle som freistar å klatre på ein sosial rangstige gjer. Til dømes vart frigjeringa av jødane som folkegruppe ei ulykke for dei privilegerte intellektuelle jødane. Dette skuldast nok at det ofte er nettopp ved å framstille seg sjølv som betre enn dei andre, som det heiderlege unntaket, at ein kan vinne fram og få godvilje frå samfunnet. Meir grunnleggande er det at posisjonen som paria er prega av usikkerheit og desperasjon. Menneske i ein slik posisjon vert på naturleg vis fokusert på sin eigen overleving. Om kollektiv frigjering vil vere til ulempe for den posisjonen parvenyen har kome til, vil parvenyen freiste å jobbe mot dette. Her i Noreg kjenner vi dette som «å trekke opp stigen etter seg». Parvenyen, slik Arendt nyttar omgrepet, kan altså forstås som eit menneske i ein desperat situasjon som freistar å oppnå ein betre og sikrere posisjon for seg sjølve, somme gongar ved å arbeide mot at fleirtalet av dei som deler hens posisjon vert frigjorte frå den posisjonen. Der pariaen er ein Schlemihl, einsam rebell, mistenkt eller ein godviljas mann, er parvenyen den innyndande oppkomlingen. Parvenyen ynskjer ikkje å forandre verda, men snarare å karre seg opp og fram i den.

### I Noreg

På samfunnsplan, i mellom folkegrupper, vert altså parvenyen eit ideal majoriteten vil hente fram for å vise folk frå den ekskluderte minoriteten korleis dei kan komme inn i det gode selskap. Det er snakk om ein einzijdig prosess der minoriteten tilpassar seg majoriteten, der minoriteten vert tvingast til å kaste frå seg alle skikkar og karakteristikkar. Arendt grunnjev sin interesse for det jødiske spørsmålet og Rahel Varnhagen med at ho ikkje kunne la vere å retta seg filosofisk til samtida (Parvikko 1996:61). Etter denne gjennomgangen av pariatypane og parvenyomgrepet, ville det difor vere feil å ikkje skulle stille spørsmålet: Korleis vert ekskluderte grupper møtt av det norske samfunnet i dag? Kva strategiar vert anbefalt, og nok ein gong: Kva bør pariaar i Noreg gjere? Dei fleste kjenner til den internasjonale flyktningsituasjonen slik den har vore dei siste to åra, i

alle fall grovt sett.<sup>4</sup> Dei som kjem hit til Noreg vert fortalde at dei må tilpasse seg til det norske samfunnet. Om dei skal bo her, må dei innrette seg. Mange av dei som kjem hit kjem frå såkalla ikkje-vestlege land, noko som i vanleg norsk mentalitet tyder at dei er muslimar. Dei som ikkje har budd under ein stein dei siste åra vil ha merka at ein stor del av samfunnsdiskursen dreier seg om «desse muslimane som kjem hit» og korleis vi som samfunn skal overleve dette. Sosialantropolog Sindre Bangstad har dokumentert korleis samfunnsdiskursen har tatt opp i seg islamofobiske element i ein prosess som har vore i gang over fleire tiår, men særskilt dei siste femten åra (Bangstad:2014). Eit sentralt element i denne diskursen er at muslimane som kjem hit høyrer til ein kultur som djupast sett er inkompatibel med vår eigen og at dei som kjem hit må tilpasse seg og verte i størst mogleg grad som oss andre. Skribent Warsaw Ismail har skriven at definisjonen på integrering vert smalare og smalare for kvart år (*Klassekampen*, 26.11.16:2-3). Då mor hennar kom til Noreg på nittitalet, var beskjeden at ein måtte lære norsk og betale skatt, og så var ein integrert. I dag vert det stilt andre krav. Fleire samfunnsdebattantar fokuserer på erkenorske ting som slalåmski, brunost, og ikkje minst gode, «norske verdier». Tankesmia Agenda lanserte hausten 2016 ti bod for betre integrering, der eit av punkta var «felles verdier», underforstått at det er norske verdier som innvandrarar og flyktningar ikkje deler.<sup>5</sup> Kva desse verdiane er, vart forklart i eit underpunkt: «En mer aktiv formidling av felles verdier, som likestilling, ytringsfrihet, solidaritet, vitenskapelig tenkemåte, etc. via barnehager, skoler, integreringsprogrammer osv.» Per Willy Amundsen (FrP) har omtalt seg sjølve som tilhengar av verdier som «vitskap, opplysning, framgang, vestleg sivilisasjon og sekularisering» og snakkar om såkalla «snik-islamisering» («Hvorfor jeg er kritisk til Islam», *Aftenposten* 16.12.11). Bodskapen er igjen at dette er verdier som ikkje finst i islam og som difor ikkje vert delt av muslimar. Det verkar rimeleg å anta, gitt fleirfaldige forsøk på nettopp dette, at det ikkje nyttar å fortelje det norske samfunnet at det å vere muslim ikkje er einstyddande med å vere i mot alle desse buzz-orda som Amundsen, Agenda, og andre nyttar. Eit overblikk over bøker, avis kommentarar, politiske utsegn, og ikkje minst kommentarfelt, syner at medan fokuset er på det ein kallar integrering, så er det mange som helst vil at muslimar skal assimilerast inn i samfunnet, ikkje integrerast.<sup>6</sup> Den jamne muslim som følgjer med på samfunnsdebatten vil få følgjande bodskap: Her lyt du gå stille i dørene. Særtrekk som kan røpe at du er muslim gjer du lurt i å gøyme bort. Det ser ut til at det er klare strøyningar i Noreg som ynskjer at dei som kjem til landet som



flyktningar eller innvandrarakar, skal helst gli umerkbart inn i samfunnet og ikkje gjere noko ut av seg, noko i retning av det som Kafkas helt gjer i *Slottet*. Særtrekk som minner oss om at dei kan høyre til islamsk tru, slik som moskear, bønnetårn, hijab, eller det som minner oss om at dei kjem frå andre land, som til dømes språket deira og veremåten, lyt ein legge lokk på om ein skal få vere med i samfunnet vårt.

Godviljas mann oppdaga i *Slottet* at uansett kor mykje han freista å assimilere seg, vart han aldri ein del av samfunnet. Det er gode grunnar til å tru at noko liknande vil vere gjeldande for muslimar eller mørkhuda generelt i Noreg. Vi veit frå andre land at sjølv i samfunn der pariaar assimilerer seg så grundig som mogleg, vil dei framleis verte sett på som «dei andre» over fleire generasjonar. Vil norske muslimar kunne kome til eit punkt der alle stengsel mellom dei og resten av samfunnet er borte? Er det ikkje slik at om muslimar legg frå seg alle særtrekk frå ikkje-vestleg kultur, så vil dei framleis ha mørk hudfarge? Er det rimeleg å tru at i det sosiale klimaet som har vakse fram i Noreg sidan 2001 og særleg etter 2011, så vil ikkje hudfarge vere noko som gjer folk utsett for blikk og baksnakking, og i verste fall hets og vald? Er endelykta til Kafkas godviljas mann, som døydd utmatta utan å verte akseptert, det beste innvandrarakar i Noreg kan håpe på? Vi har tidlegare nemnd unntaksjødane. Sjølv dei mest overtydde antisemittane hadde såkalla «unntaksjødar», som ikkje var som den gjennomsnittlege eller generelle jøden. Desse var unntaket frå regelen, den regelen som sa at jødar var sånn og slik. I den rådande undermedvitne norske mentaliteten vert det i liten grad gjort skilnad på om ein person er personleg truande muslim, har vore muslim, eller om ein berre kjem frå ikkje-vestlege land; alle desse gruppene vert rekna som muslimar. Vi tenker på alle desse som muslimar av ein eller anna avart. Om muslimar i dagens Noreg i stor grad speler den rolla jødar gjorde på den tida Rahel Varnhagen levde, finst det tilsvarande «unntaksmuslimar»?

Om det er slik at islamofobi er samtidas antisemittisme, og muslimar er samtidas jødar, så er det tydeleg at dei som i dag er såkalla innvandringskritiske, både dei moderate og dei som er beint ut fiendtlege, har visse individ og visse grupper blant muslimar dei føretrekk framfor muslimar som gruppe. Motstandarakar av innvandring har som vane å applaudere innvandrarakar som uttalar seg kritisk om innvandring. Det finnes fleire døme på innvandrarakar med muslimsk bakgrunn som brukar mykje tid på å distansere seg frå muslimske miljø, kritisere desse for å ikkje tilpasse seg det norske samfunnet, for å kome med urimelege særkrav, og for å kalle ting rasisme som i deira meining ikkje er rasisme. Ein slik skikkelse var Walid al-Kubaisi.

Kubaisi, som gjekk bort i 2018, vart i hovudsak kjend som ein sentral skikkelse i Ex-muslims of Norway, og elles som forfattar og samfunnsdebattant med statsløn. Det få i dag hugsar er at Kubaisi i 2010 lagde ein dokumentar om Det muslimske brorskap, der ein sentral bodskap er at det finst ein hemmeleg muslimsk plan for å overta Europa (Bangstad 2014:165). Dette er noko vi kjenner igjen frå Eurabia-teorien, ein rasistisk konspirasjonsteori som var ein sentral motivasjon for Anders Behring Breivik. Kubaisi gjorde seg også bemerkta i 2004 då han skreiv ei avisspalte med tittelen «Norge for nordmenn» (Bangstad 2014:168). Kubaisi har også skriven mykje om hijab, og lansert påstandar om hijab alltid har vore eit symbol på undertrykking, noko som ikkje er støtta av noko faglitteratur på emnet. Han vert ofte haldt fram som ein modig ateistisk stemme.<sup>7</sup> Gitt det Kubaisi har gjort tidlegare, er det kan hende ikkje så overraskande at han har heldt foredrag for medlem av høgreekstreme organisasjonar som Norwegian Defence League og Stopp Islamiseringen av Norge.<sup>8</sup> Det er klart for meg at Kubaisi kan seiast å vere ein unntaksmuslim, i den forstand at han vert akseptert og heia fram av sjølv dei mest islamofobiske miljø i Noreg.

Om Kubaisi er ein unntaksmuslim, kva strategiar tilrår han for norske muslimar? Den gjennomgåande bodskapen er at dei lyt tilpasse seg, og uansett kor mykje dei tilpassar seg, er beskjeden den same frå Kubaisi. Dei må endre «innstillingane» sine, underforstått verdiane sine, for verdiane dei har med seg frå ikkje-vestlege land er ikkje dei same verdiane vi har her i Noreg. Kubaisi har også, i likskap med Mina Bai, tatt til orde for at ein ikkje bør melde rasistisk diskriminering til politiet, sjølv i openberre tilfelle som då frisøren Merete Hodne vart dømt for brot på likestillings- og diskrimineringslova §6 for å ha nekta å betene ei kvinne med hijab.<sup>9</sup> Kubaisi ser også ut til å meine at slik rasistisk diskriminering er akseptabelt, i alle fall om ein skal døme utifrå det at han tok kontakt med Hodne over telefon og ga ho støtte.<sup>10</sup> Dette står i sterk kontrast til det Arendt sjølv meinte var det riktige for pariaar. Av dei pariaosisjonane vi har sett på i denne teksten, var det den medvitne pariaen, rebellen, som sto Arendt nærast. Ein har ein plikt til å forsvare seg sjølv. Dette var noko Arendt lærte som born. For Arendt ville det ha vore heilt uakseptabelt at muslimar i Noreg skulle følgje bodskapen om å akseptere undertrykking og ekskludering, eller ukritisk godta sekulære bloggarars insistering på at det som hender er muslimanes eigen feil. Vi har no vore gjennom ulike posisjonar som menneske kan velje som svar på ekskludering og undertrykking: Den ironisk distanserte Schlemihlen som fjernar seg frå verda, Chaplins «mistenkte» som alltid

hamnar i bråk men speler skittent og kan kome seg unna, og Kafkas godviljas mann som assimilerer seg etter beste evne. Inga av desse posisjonane gjev Arendt noko godt svar på korleis ein skal rette seg etter det at samfunnet vil ein vondt. Vidare så er parvenystrategien, der ein legg frå seg all solidaritet til fordel for eigen vinning, ein moralsk uholdbar posisjon for dei som har alternativ. Det er heller den medvitne pariaen som syner vegen. For Arendt er det klart at svaret på spørsmålet om kva posisjon norske minoritetar og pariaar bør finne, kva dei bør gjere, kan oppsummerast i eit enkelt ord: Motstand.

## LITTERATUR

- Amundsen, P. W. 2011, «Hvorfor jeg er kritisk til islam» i *Aftenposten*, 16.12.2011.
- Arendt, H. 1944, «The Jew as Pariah: A Hidden Tradition» i *Jewish Social Studies*, 6:2, 99-122.
- Auestad, L. & Mahrtdt, H. (red.). 2011, *Handling, frihet, humanitet. Møter med Hannah Arendt*, Tapir, Trondheim.
- Bangstad, S. 2014, *Anders Breivik and the Rise of Islamophobia*, Zed Books, London.
- Ismail, Warsan. 2016, «Innvandrerens fortelling er også en del av det norske» i *Klassekampen*, 26.11.2016.
- Parvikko, T. 1996, *The Responsibility of the Pariah: The Impact of Bernard Lazare on Arendt's Conception of Political Action and Judgment in Extreme Positions*, SoPhi, Jyväskylä.

## NOTER

- <sup>1</sup> Erichsen. 2011, «Pariabegrepet i Hannah Arendts filosofi» i Auestad, L. & Mahrtdt, H. (red.), *Handling, frihet, humanitet. Møter med Hannah Arendt*. Tapir, Trondheim.
- <sup>2</sup> Generaliserande og demoniserande utsegn og haldningar mot ei folkegruppe er som kjent heilt uproblematisk når det kjem frå ein av deira egne.
- <sup>3</sup> Heile fortellinga om Varnhagen er på dei etterfølgjande sidene, dette er altså ei referanse til fleire sider i Parvikko, frå s. 89 og framover.
- <sup>4</sup> Etter at vestlege land, deriblant Noreg, kutta midlar til bistandsarbeid i Midtausten, har millionar av flyktningar hovudsakleg frå Syria og Irak freista å kome seg til Europa. Mange har døydd på vegen, anten drukna i Middelhavet eller vorte skotne av menneskesmuglarar. Dei få som kjem hit til Noreg vort møtt av eit fiendtleg statsapparat, skjønt ikkje så fiendtleg som i til dømes Ungarn.
- <sup>5</sup> <http://frifagbevegelse.no/nyheter/integreringsutvalg-vil-begrense-hijabbruk-pa-skolen-6.158.395904.97ffa52595>.
- <sup>6</sup> Sjå til dømes denne godbiten frå Human Rights Service, som vort hylla av fleire toneangivande samfunnsdebattantar, mellom anna dei eg nemnar seinare, som forkjemparar for sekulære verdiar: «Når vi ser på de store utfordringene vestlige flerkulturelle samfunn nå står overfor, innser vi at integreringstankegangen har spilt fallitt. Skal muslimske ikke-vestlige innvandrere fungere godt i her i landet, må de gi slipp på store deler av sin kultur.» <https://www.rights.no/2015/03/integrering-assimilering/>.
- <sup>7</sup> Dette til tross i at han sjølv varierer om han kallar seg ateist eller truarde muslim, noko som spelar inn i kommentaren om korleis muslimen opptrer i norsk mentalitet, jf. Bangstad:167-8. Fleire av dei som kallast modige, sekulære stemmer innehar ein uavklart posisjon når det gjeld om dei tilhøyrer muslimsk tru eller ikkje.
- <sup>8</sup> Dokumentasjon på dette har vorte gjort tilgjengeleg for forfattaren.
- <sup>9</sup> <http://www.aftenposten.no/meninger/kronikk/Kronikk-Diskriminering-loses-ikke-med-politi-og-domstoler--Walid-al-Kubaisi-605225b.html> Sjå også Mina Bais blogginnlegg [http://minabai.blogg.no/1479814922\\_den\\_intolerante\\_minor.html](http://minabai.blogg.no/1479814922_den_intolerante_minor.html).
- <sup>10</sup> Sjå faksimile i dette innlegget. Legg også merke til at Hodne, ein av landets meir profilerte rasistiske aktivistar, med bakgrunn frå NDJ, SIAN og PEGIDA, omtalar al-Kubaisi som ein person ho ser opp til, jf. unntaksmuslim. <http://www.utrop.no/Plenum/Kommentar/30905>.